

From: Elias Øvregård <nakkolagarden@tussa.com>
Sent: onsdag 25. mars 2020 11.34
To: NVE; Randi Holme; lena.landsverk.sande@vanylven.kommune.no; terje.kolstad@vanylven.kommune.no
Cc: jens.brudevoll@hotmail.com; Sigurd Asklund; bern-th@online.no; san@tussa.com
Subject: Nordalselva.

Hei !

Viser til brev frå NVE til Vanylven kommune.

094.1Z Åmelavassdraget;

“Frist for tilbakemelding til NVE om hver enkelt kommune ønsker å fremme krav, settes til 18. mai 2020. Vi ber videre om få tilsendt eventuelle krav innen 3. august 2020.”

Ser at det har blitt sendt melding frå NVE til Vanylven kommune om tilbakemelding på frist for revisjon og krav om minstevassføring. Nordalselva og Mørkevatnet, Kvandalsvatnet N ligg også i Vanylven kommune.

Vi hadde eit møte i Nordal skule 19 aug. 2019 angående å berge elva som lakseelv, og gjengroing, der også representanter frå NVE var til stede. Vi kom der med ønske om minstevassføring, også på grunn av tilgroing av fjellvatna på Nordalen. Vi håper derfor at NVE kan tenke miljø og fiske som dei har god adledning til her. Tussa as har fått brukt disse resursane i snart 50 år utan å følgd opp skjønnet med det erstatningsmessige, og vi synest det er eit rimeleg krav. Vik elva var ei god lakseelv før dette skjedde, noko vi har personer som endå lever som kan bekrefte. Etter diskusjon med fagfolk må det minstevassføring til for å få både sætrevatna på Nordalsfjellet og Nordalselva miljømessig og fiskemessig opp å gå igjen. At det ikkje vart rapportert så godt på denne tida elva var god lakseelv er det fleire grunner til, blant anna skattemessige forhold på den tida. Men utmåling av erstatning er etter fiskerapporten. Fekk erstatning på 30 % tap. Vi såg at fiske serleg etter siste regulering av Mørkevatnet i 78-79 har det blitt nærmast bråstopp, og har desse åra lege nærmare 100 % tap. Vi synes derfor at NVE burde krevje minstevassføring, særlig viss NVE vil vere truverdige også i forhold til avslaget på konsesjon til Brandefjellet kraftverk ! Vi håper derfor at NVE sluttar å bruke dobbelmoral i si sakbehandling av konsesjoner.

Tussa as har bygd eit nytt kraftverk fremst i Nordalen og kan kjøyre gjennom minstevassføring der. Det skulle derfor ikkje vere grunnlag for å ikkje innføre minstevassføring. Vi har også ein rapport frå Sweco som NVE har i hende vil eg tru. (Representanten på møtet.)

Vi har også no tatt kontakt med Vanylven kommune om saken, men skal kome med eit meir formelt brev . Vi må vel sende ein søknad med underskrift frå elveigarlaget og bygda. Må vi eventuelt sende det til NVE, eller kan det gå direkte til Vanylven kommune ?

Vi vil derfor ha dette vurdert av Vanylven kommune om dei er villige å sende krav om minstevassføring i lag med Åheimselva.

Sidan det er korona tider og mykje ekstra for kommuna, og NVE har satt ein frist , vil vi gjerne ha ei tilbakemelding på dette. Fristen er vel juni 2022, men sidan NVE har sett ein frist til 18 mai 2020 må vi få Vanylven kommune å eventuelt sende krav til NVE på minstevassføring innan den fristen.

På vegne av Vik elveigarlag.

Elias Øvregård

Sendt fra [E-post](#) for Windows 10